



Ås barnehage



Årsplan 2021

INNHALD:

✓ Vår visjon og våre mål	3	✓ Danning	15
✓ Føremål	4	✓ Læring	16
✓ Tilsette	5	✓ Kommunikasjon, språk og tekst	18
✓ Rutinar for vurdering	6	✓ Natur, miljø og teknologi	20
✓ Vurderingsområde	7	✓ Vennskap og fellesskap	22
✓ Kvalitetspolitikk	8	✓ Kropp, rørsle, mat og helse	24
✓ Programtilbod og tenester	8	✓ Nærmiljø og samfunn	26
✓ Språk	9	✓ Ein inkluderande barnehage	28
✓ Overgangar	9	✓ Mat i barnehagen	30
✓ Overgang barnehage/skule	10	✓ Kunst, kultur og kreativitet	32
✓ Medverknad	11	✓ Forut barneaksjon	34
✓ Dokumentasjon	12	✓ Mengde, rom og form	36
✓ Omsorg	13	✓ Etikk, religion og filosofi	38
✓ Leik	14		

VÅR VISJON

Godt rusta for
framtida

Våre overordna verdiar:

- ✓Respekt og omsorg for andre.
- ✓Lyst til å læra.
- ✓Tru på seg sjølv.
- ✓Sosial kompetanse.

Våre mål:

- ✓Barna skal ha medverknad på eigen kvardag.
- ✓Felles fokusområde for heile barnehagen.
- ✓Tid og rom for leik.
- ✓Leikekloke vaksne.

Vårt satsingsområde:

Ta vare på leikens eigenverdi saman med leikekloke vaksne.



Føremål:

Barnehagen skal gi barn i alderen 0-6 år eit godt pedagogisk tilbod som samsvarar med Barnehagelova § 1.

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng».

Rammeplan for barnehagen 2017 side 7.

Barnehagen skal byggja si verksemd på etiske grunnverdiar nedfelt i norsk lovverk.

Verksemda skal drivast i samsvar med:

- Gjeldande lover, forskrifter og kommunale vilkår for barnehageverksemd.
- Barnehagen sine egne vedtekter.
- Fastsett budsjett.
- Barnehagen sin årsplan for pedagogisk verksemd.



TILSETTE



Styrar:
Aud Jorunn
Vedøy



Assisterande styrar:
Lene Presthaug



Kokk:
Mette
Haldorsen

Pedagogiske leiarar:



Lena E.
Stokken



Malin
Eriksen



Marit Kristine
Dommersnes



Linda A.
Rogne



Siv
Miljeteig



Anette H.
Bjerkeset



Marte
Michelsen



Vigdis
Kippersund

Fagarbeidarar:



Hilde
Nysæter



Ingrid
Nysæter



Anne Bente
Østraat



Jessica
Hauan



Jillian
Moores



Hilde Aastrøm
Olsen



Anna
Jespersen



Audhild
Sørensen



Nazia
Ibrahim



Ingrid-Marie
Grov

Pedagogiske medarbeidarar:

I tillegg til dei fast tilsette vil det vera andre inne i periodar, som Nav assistentar, lærlingar og studentar.

Leiar i foreldrerådet er Ragnhild Valvatne Gavshon.

RUTINAR FOR VURDERING:

Aktivitet	Tidfesting
Val av to fokusområde som skal vurderast.	Etter foreldremøte om hausten – før utarbeiding av ny årsplan.
Avgrense dei valgte fokusområda som skal vurderast.	Personalmøte i oktober.
Status for vurdering på personalmøte.	Før påske, før sommaren og på personalmøte i oktober.
Kontinuerleg vurdering av kvardagen og pedagogisk innhald.	Pedagogisk leiar har ansvar for kontinuerleg vurdering. Nyttar innspel frå medarbeidarane på samarbeidsmøte . Møte i ped.leiargruppa tre onsdagar i månaden. Kollegarettleing for heile personalet med fokus på utfylling av vurderingsskjema etter kvart mål.



Aktivitet	Tidfesting
Samarbeidsutvalget skal godkjenne fokusområdet for vurdering. Fokusområdet står i denne årsplanen.	Når gjennomgang av årsplan vert gjort.
Dersom det er valt fokusområde for vurdering som foreldra bør involverast i, vert dei spurt om dette. Til dømes gjennom spørjeskjema.	Januar/februar.
Tema på foreldremøte til hausten: Kva ønskjer foreldra skal vurderast i kommande år? Framlegg med forslag om fokusområde for vurdering.	Foreldremøte i september.
Innspel til foreldrerådet om saker ein ynskjer å drøfta.	Vert gjort dersom det dukkar opp aktuelle saker.
Innspel og tilbakemelding ved foreldresamtalar.	Når foreldresamtalar vert gjennomført.
Foreldremøte blir nytta til å få innspel til endringar i årsplanen.	September.

ME HAR ETTER TILBAKEMELDINGANE PÅ FORELDREMØTE I
 SEPTEMBER 2020 VALGT TO OMRÅDE SOM SKAL VURDERAST
 I 2021:
 «ME TAR VARE PÅ NATUREN OG MILJØET» OG
 «LEIKANDE BARN OG VAKSNE».

	Tidfesting	Kven har ansvaret?
Kartlegge kva ein skal fokusere på.	Januar.	Assisterande styrar.
Igangsetting av tiltak.	Februar.	Pedagogisk leiar på gruppa.
Gjennomføring.	Dagleg.	Pedagog, fagarbeidar og pedagogisk medarbeidar i samarbeid.
Oppfølging.	Kontinuerleg.	Pedagogisk leiar på gruppa.
Ser foreldre endring? Spørjeskjema kor me samstundes undersøker nye vurderingsområde.	Foreldremøte i september.	Assisterande styrar.
Status og evaluering etter tilbakemeldingar.	På personalmøte i oktober.	Den pedagogiske leiargruppa.



- **Kvalitetspolitikk.**

Ås barnehage skal gjennom kvalitet framstå som det naturlege val for foreldra som ynskjer barnehageplass for barna sine. Vårt hovudfokus i arbeidet skal vera barnet. Me er her for barna, og skal leggja til rette for at kvart enkelt barn blir sett, får dekkja sine behov, og får gode utviklingsmoglegheiter. Tenesta me utfører er av høg kvalitet, slik vinn og opprettheld me tillit både hos foreldra, samarbeidspartnarar og kommunen som tilsynsmynde. Ås barnehage sin kvalitet er eit kontinuerleg arbeid og blir evaluert årleg.

- **Program og tenester.**

Ås barnehage er open frå kl. 06:30 – 16:30.

Me har ope alle kvardagar. Nyttårsafta og onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12:30.

Julafta er det stengt.

Barnehagen er stengt 5 dagar pr. år til planlegging for personalet.

Barna hos oss har plass til skulepliktig alder, eller til plassen vert sagt opp skriftleg. Eit barnehageår gjeld frå 15.08. – 14.08. påfølgande år.

Alle barn skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av dei skal vera samanhengande. Barnehagen har stengt to veker, fortrinnsvis dei to siste i juli.

Hos oss treng ikkje barna ha med nistepakke. Me serverer tre måltid i løpet av dagen; frukost, lunsj og frukt.

Forskning seier at dei yngste barna har behov for rolegare dagar med mykje omsorg og tid for undring og leik. Dette set me stort fokus på, og har difor skjerma småbarnsgrupper slik at me ivaretar deira behov.



SPRÅK

I rammeplanen for barnehagen 2017 står det:

«Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer, dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst, og stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling»

I barnehagekvardagen har me fokus på kvardagspråket. Det å bruke omgrep i lag med barna i alle kvardagssituasjonar. Me vil bade dei i ord. Dette for å gi dei størst mogleg ordforråd, men og for at dei skal forstå kva orda betyr. Me trur på at det å ha konkretar i lag med ord for å forsterka tydinga vil gjere det lettare for barna å huske og lære seg nye ord og omgrep.



OVERGANGAR

Me ynskjer å gjera overgangen så enkel og god som mogleg for barn og foreldre. Etter at barna har fått plass i barnehagen tar pedagogisk leiar kontakt, og avtaler oppstartsamtale. I samtale får dei sjå korleis me har det og korleis me legg opp dagane våre. Her legg pedagogisk leiar ein plan for tilvenninga saman med foreldre.

Me ynskjer at foreldre er ilag med barna dei fyrste dagane, foreldra må gjera barna trygge i barnehagen og på personalet. Dei tar del i kvardagsoppgåvene i barnehagen som måltid, stellerufinar og legging. Foreldra trekker seg gradvis vekk etterkvart som barnet blir trygt.

I overgangen mellom grupper legg me til rette for at dette skal gjerast enklast mogleg for barnet. Me bruker tid til å førebu og samtalar med barna om endringa som skal skje. Så langt det lar seg gjere vil me og at ein eller fleire kjende vaksne følgjer med barna når dei bytter gruppe.

Overgangen frå barnehage til skule ynskjer me og skal vera ei trygg og god oppleving. Målet er at barna skal vera godt rusta for framtida når dei forlèt barnehagen. Barna skal ha tru på seg sjølv og oppleve meistringsfølelse. Me førebur barna på skule med felles samtale rundt temaet og opplevingar. Me har og litt skuleaktivitetar filpassa etter barna og barnegruppa si modning. Barna besøker skulen saman med føresette.

Overgang barnehage/skule.

Kva: Besøka skulen.

Korleis:

- Barna besøker skulen saman med foreldra.

Kva: Mappe 1 til skulen.

Korleis:

- Overlevering mellom ped.leiar/lærar.
- Skal innehalde skjemaet «informasjon om barnet til skule og skulefritidsordning».
- Ein teikning som barnet har valt.
- TRAS skjema (språk kartlegging)
- Godkjenning med underskrift frå foreldre.
- Skjema for barn med minoritetsspråkleg bakgrunn.

Kva: Mappe 2.

Korleis:

- På overleveringsmøte mellom ped.leiar/ lærar.
- Dette er ei mappe med konfidensiell informasjon der foreldra og barnehagen er blitt samde om at skulen treng utvida informasjon om barnet.

Kva: PPT og barnevern.

Korleis:

- Skulen får naudsynt informasjon om einskilde barn, dersom foreldra gjev samtykke til det.

Kva:

Foreldresamarbeid.

Korleis:

- Informasjon på foreldremøte i barnehagen.
- Infomøte for foreldre på skulen.
- Foreldresamtale vår.

Kva: Samarbeid barnehage/skule.

Korleis:

- Overføringsmøte der pedagog frå barnehagen overleverer mappa til den pedagogen som skal ha barnet i 1.trinn.
- Fagleg drøfting/erfaringsutveksling mellom pedagogar og skulen fyrste tysdag i mai.

Overgangsplan for barnehage/ grunnskule i Stord kommune.

Føremålet med plan for samarbeid og samanheng heim, barnehage og skule/SFO er å sikre at alle barn får ein likeverdig, trygg og meningsfull overgang frå barnehage til skule og fritidsordning.

Rammeplan for barnehagen og prinsipp for opplæring i skulen (Læringsplakaten) slår fast at barnehage og skule skal samarbeide til det beste for barnet.

«Overgangen mellom barnehage og skule.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.

Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten.»
Rammeplan for barnehagen 2017 side 33.



BARN SIN MEDVERKNAD

Aktivitet	Tidfesting
Daglege samtalar med barn.	Kontinuerleg.
Tilbakemelding av gjennomførte aktivitetar på tankekart – gjenkalling.	I etterkant av gjennomføringa.
Gjennom verktøy og observasjon av borna, særleg dei som er minst språkkunnige.	Kontinuerleg.
Barnesamtaler med dei barna som skal over i skulen.	Februar.
«kva seier barnet» – fyller ut vurderingsskjema.	Etter kvart tema. Når ein går gjennom vurderingsskjemaet.

Barn sin medverknad.

Kva: I planarbeid.
Korleis:

- Tankekart saman med barna.
- Observasjon.
- Tilbakemelding frå barna gjennom barnesamtale/ samtalegrupper.

Kva: Observasjon og refleksjon.
Korleis:

- Justere den vaksne si tilrettelegging og handling i kvardagen saman med barna.

Kva: Måltid.
Korleis:

- Fleksibel frukost.
- Velje kva mat ein vil ha innanfor rammer.

Kva: Gjennom føresette.
Korleis:

- Foreldremøte.
- Foreldreråd og samarbeidsutval.
- Foreldresamtale.
- Dagleg samtale.

Kva: Tur
Korleis:

- Turmål.
- Innhaldet på turen.

Med barn sin medverknad meiner me at barn skal få støtte til å uttrykka seg, bli sett og ha ein påverknad i sosial samanheng. Me må gjera det mogleg for barnet å uttrykkja seg og å samhandle i lag med andre, både verbalt og non-verbalt. På denne måten vil barnet ha ein medverknad på gruppa og i barnehagen. Dei vaksne må vera støttande og sjå både enkeltbarn og heile barnegruppa sitt behov.

Dokumentasjon.

Kva: Planarbeid.

Korleis:

- Observasjonar, praksisforteljingar og samtale med barn som utgangspunkt for refleksjon og for planar.
- Tankekart.
- Vekeplan/månadsplan /progresjonsplan/prosjektplan.

Kva: Barna sin trivsel og utvikling.

Korleis:

- Observasjon og praksisforteljing som utgangspunkt for refleksjon på samarbeidsmøta i barnehagen.

Kva: Kvardagshendingar.

Korleis:

- Rapportar på MyKid.
- Bilete frå aktivitetar på Instagram og Facebook.

Kva: Pedagogisk innhald.

Korleis:

- Tankekart.
- Praksisforteljing.
- Barneteikningar.

Her er eit eksempel på korleis me arbeider med planarbeid i barnehagen. Ein tar utgangspunkt i fagområde frå rammeplanen og progresjonsplan, der me snakkar med barna om kva som kunne vera spennande å jobba med ei stund framover. Dette er eit tankekart for 1- åringar, kor observasjon av barna er lagt til grunn for utarbeidinga. Me erfarer og observerer kva dei likar å arbeide med.

Leik inne og ute

Sjå på bilete av Monki og dyr som bur i Sierra Leone

Smake mat frå Sierra Leone

FORUT

«Kunst, kultur og kreativitet»



Høyre på musikk frå Sierra Leone



Formingsaktivitet

-møte nye materialar



Tilvenning og relasjonsbygging



Omsorg.

Kva: Vennskap og relasjonsbygging.

Korleis:

- Dele i leikegrupper.
- Tid for lek.
- Sosial kompetanse.
- Jobbe med gleding og inkludering i kvardagen for å hindre utanforskap og krenking.
- Gi rom for å vera seg sjølv, rom for ulike meiningar.

Kva: Rom for ro og kvile

Korleis:

- Lese bok.
- Lydbok.
- Sovetid.
- Skape gode måltid.
- Lytte til musikk.

Kva: Gi barna tru på seg sjølv.

Korleis:

- Sjå enkeltbarnet.
- Lydhøyre vaksne.
- Gi positive tilbakemeldingar når barna gjer positive handlingar.
- «Ta barna» i å gjere gode handlingar.

Kva: Tilgjengelege vaksne.

Korleis:

- Støttande og lyttande vaksne.
- Vaksne som er tilgjengelege fysisk og mentalt.
- Sortere og regulerer kjensler.
- Alle barn skal oppleve å bli sett, forstått og respektert.
- Vaksne som tar ansvar for relasjonsbygging.

Kva: Tryggleik og trivsel.

Korleis:

- Gi barna trygg base.
- Tryggleikssirkelen.
- Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølv å kunne ta i mot omsorg.
- Trygge og gode stellesituasjonar.
- Vaksne som er gode rollemodellar.

Kvifor: «Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik». *Rammeplanen side 19.*

Trinn 1

- Gode stellesituasjonar.
- Skjerma barna i mindre grupper.
- Kviletid ut i frå barnet sitt behov.
- Trygg base, og tilgjengelege vaksne.
- Anerkjenne kjenslene til barna.
- Fysisk omsorg.

Trinn 2

- Anerkjenne eigne og andre sine kjensler.
- Støtte og oppmuntre barna til å vise og ta i mot omsorg.
- Fysisk omsorg.
- Tilgjengelege vaksne.
- Leikegrupper.
- Gi rom for kvile.
- Vaksne som stiller krav og forventning tilpassa modning.



Leik.

Kva: Gløde med leik.

Korleis:

- Sette av tid til sjølvstyrt leik.
- Vaksne som er til stades for rettleiing og hjelp.
- La barna vera ein del av eit fellesskap.
- La barna bruke fantasien og kreativiteten i leik.
- Vaksne som ser leikens eigenverdi.

Kva: Leikerom.

Korleis:

- Legge til rette for rom som inviterer til leik.
- Bli kjent med barna sine interesser.
- Bytte ut leiker og tilføre nye.
- Gi barna god plass ved å bruke dei andre gruppene sine rom.
- Psykisk helsefremmande leikerom.

Kvifor: Leiken er ein arena for utvikling og læring. Gjennom god samhandling og leik utviklar barnet eit godt sjølvbilde og sosiale ferdigheitar.

Kva: Uteleik.

Korleis:

- Bussturar.
- Uteleik på leikeplassen i barnehagen.
- Turar i nærområdet.
- Aktivitetar ute.

Kva: Vennskap.

Korleis:

- Vaksne som er til stades.
- Sosial kompetanse.
- Vaksne som hindrar utesting.
- «Steg for steg».
- Samarbeid.
- Leikegrupper.
- Gi barna felles erfaringar som kan gi utgangspunkt for leik.

Kva: Språk.

Korleis:

- Bruke språket aktivt.
- Gjere seg forstått.
- Bearbeida felles opplevingar.
- Konfliktløysing.

Trinn 1

- Leikerom som er tilrettelagt for «toddalarleik».
- Tid til eigenstyrt leik.
- Leikematerialar som er tilpassa alder (som til dømes puter, store klossar, kassar, bøker med harde sider).
- Turar i nærområdet.
- Skjerma uteleikeplass for dei aller minste.

Trinn 2

- Rom tilrettelagt for rolleleik.
- Tid til eigenstyrt leik.
- Bussturar.
- Leikematerialar tilpassa alder (som til dømes bordaktivitetar, bøker, småbilar, lego, materiell til å bygge opp leiken).
- Rom for kreativ tenking.



Danning.

Kva: Sjølvbilde.

Korleis:

- «Ta barna» i å gjere gode ting.
- Framsnakke.
- Øve på å ta i mot positive tilbakemeldingar.
- Anerkjenne følelsar.
- Støtte identitetsutviklinga.

Kva: Respekt for kvarandre.

Korleis:

- «steg for steg».
- Vaksne som gode rollemodellar.
- Setja ord på kjensler.
- Oppfordre til å vera høfleg, helse og å takke.
- «Være sammen».

Kva: Fellesskap og mangfald.

Korleis:

- Sosial kompetanse for å forebygge utanforskap.
- Respekt for ulikheitlar.
- Synleggjere og framheve mangfald (til dømes flagg i garderoben).
- Demokratisk fellesskap.
- Rom for kritisk tenkning.
- Felles normer og verdier.
- Formidla tradisjonar.
- Hjelpe barna til å reflektere over eigne handlingar.

Kva: Bøker.

Korleis:

- Varierte bøker.
- Samtaler rundt bøker.
- Stille opne spørsmål.
- Utfordre tenkinga til barnet.

Kvifor: Barnehagen skal bidra til at barna får delta i eit demokratisk fellesskap. Ein skal ha fokus på samholdet, samtidig som ein ser det enkelte barnet.

Trinn 1	Trinn 2
<ul style="list-style-type: none">- Barn sin medverknad.- Sette ord på følelsar og bekrefte følelsar.- Bli kjent i små grupper og erfare å vera ein del av eit fellesskap.- Legge vekt på det positive.- Meg i fellesskapet.- Bli kjent med eigne grenser.	<ul style="list-style-type: none">- Barn sin medverknad.- Bevisst eigne grenser og markere seg.- Vera ein del av eit fellesskap.- Legge vekt på det positive.- Invitere barna inn i utforskande samtaler.- Bevisstgjerung av mangfaldet.- Meg i det store fellesskapet.



Læring.

Kva: Stimulerande miljø.

Korleis:

- Rom som er tilrettelagt for utforsking.
- Vaksne som støtter opp om barns utforskartrong og undring.
- Legge til rette for rike og varierte opplevingar og erfaringar.

Kva: Fellesskap

Korleis:

- La barna få bidra i eigen og andre barn si læring.
- Jobbe for trivsel og tryggleik, eit inkluderande miljø.

Kva: Barn sin medverknad.

Korleis:

- Vaksne som anerkjenner og støtter opp om barn sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst.
- lytte, sjå og forstå.

Kva: Utfordringar og meistringsopplevingar.

Korleis:

- Gi barna utfordringar tilpassa alder og modning.
- Varierte utfordringar.
- Lære gjennom kroppen.

Kvifor: «Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring». *Rammeplanen side 22.*

Trinn 1

- Alderstilpassa rom.
- Rom for «toddlerleik».
- Varierte utfordringar ut frå modning.
- Aktiv bruk av sansane (lukt, smak, taktil, høyrsele og syn).
- Tryggleik og fellesskap.

Trinn 2

- Alderstilpassa rom.
- Vaksne som støtter opp om utforskartrongen.
- Tid og rom for refleksjon.
- Tankekart.
- Varierte og innhaldsrike samlingsstunder.



Januar

Me har fokus på fagområdet; «Mengd, rom og form».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 53				1 1. Nyttårsdag. Barnehagen er stengt.	2	3
4 veke 1	5	6	7	8	9	10
11 veke 2	12	13	14	15	16	17
18 veke 3	19	20	21	22	23	24
25 veke 4	26	27	28	29 Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.	30	31

Fagområdet; Kommunikasjon, språk og tekst.

Kva: Lytte.

Korleis:

- Samling.
- Språksprell.
- Høgtlesing.
- Munnleg forteljartradisjon.
- Nytte lytteløkar og spel.
- Kvardagssituasjonar.
- Rim, regler, songar.

Kva: Språkstimulering.

Korleis:

- Bruka omgrep aktivt i kvardagsspråket.
- Lesa mykje saman med barna.
- Låna bøker på biblioteket.
- Steg for steg.
- Snakkepakken.
- Eventyrboksar.
- Bade barna i ord.
- Fokus på at me bruker språket i konfliktløsning.
- Lytte til kvarandre i samtalen, vente på tur til å snakke.

Kva: Leik.

Korleis:

- Legge til rette for ulike leikemiljø, leikemiljø som endrar seg etter barna sine interesser.
- Vaksne som er deltakande og støttande.
- Til stades i uteleik og på tur.
- Tilrettelagt småbarnsgruppe.
- Tid til undring og samtale.

Kva: Samtale.

Korleis:

- I den daglege samhandlinga med barna.
- Gi barna tid og moglegheit for kommunikasjon barn-barn og barn-vaksen.
- Aerkjenne nonverbal kommunikasjon.
- Oppfølgingsspørsmål og til stades i samtalen for å halde samtalen i gang.

Kva: Språktrening.

Korleis:

- Tilpassa språktrening for barn med sein språkutvikling og fleispråklege.
- Leikegrupper.
- Bevisst omgrepstrening.
- Bruk av peikebøker med dei minste.
- Nytte konkretar for å støtte oppunder ord og omgrep.


Kva: IKT.

Korleis:

- Utforske skriftspråk gjennom bruk av data/nettbrett.
- Barna deltek når personalet arbeider med bilete på data/nettbrett.
- Nytte pedagogiske spel på data/nettbrett.
- Innhente informasjon til prosjekt, og ting me undrar oss over.
- Musikk.

Kvifor: Barnehagen

skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur.
(Rammeplanen, side 48)



Februar

Me har fokus på fagområdet; «Kommunikasjon, språk og tekst».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1 veke 5	2	3	4	5	6 Samefolket sin dag.	7
8 veke 6	9	10	11	12	13	14 Fastelavn.
15 veke 7	16	17	18 Karneval.	19	20	21
22 veke 8	23	24	25	26	27	28

Fagområdet:
Natur, miljø og teknologi.

Kva: Teknologi.

Korleis:

- Vera nysgjerrig på naturvitenskaplege fenomen.
- Laga konstruksjonar med ulike materialar.
- Eksperimentera og utforske korleis ting er sett saman.
- Skru og mekke.
- Utforska kva moglegheit reiskapar og teknologi kan by på.

Kva: Dyr.

Korleis:

- Gardsbesøk.
- Fisketur – fisk som råvare.
- Studera småkryp.
- Utforske dyrelivet rundt barnehagen.

Kva: Miljøvern.

Korleis:

- Samtale.
- Ta vare på inventar og utstyr i barnehagen.
- Plukke boss/rydde etter oss i naturen.
- Bossortering/besøka SIM.
- Råtningsprosessen.
- Gjenbruk.

Kva: Hygiene.

Korleis:

- I samling.
- Handvask før måltid.
- I kvardagssituasjonar.

Kva: Mangfaldet i naturen.

Korleis:

- Finne råvarer i naturen til mat og estetiske uttrykk.
- Studere særtrekk ved årstidene.
- Utforske kreftene i naturen; vind, vatn, sol, frost.
- Undrande refleksjon naturfenomen

Kva: Fysikkleik/forsøk.

Korleis:

- I samling.
- Ute i naturen.
- På kjøkkenet.
- Spontant i frileik.

Kvifor: Barnehagen skal bidra til at barn blir glad i naturen og får eit mangfald av naturopplevingar og oppleve naturen som arena for lek, undring, utforsking og læring.

Barnas turlag

Barnas turlag arrangerer turar i nærmiljøet og på fjellet. Her kan du stort sett møte opp og delta på arrangementa som dei lagar til. Ein treng ingen før kunnskap, då det er turleiarar med på arrangementa.

Barnas turlag arrangerer to nasjonale «kom deg ut» dagar i året. Ein fyrste helga i februar og ein fyrste helga i september. På arrangementet i september brukar personalet i Ås barnehage å delta med natursti.

Følg barnas turlag Stord-Fitjar på Facebook eller på heimesida stord-fitjar.dnt.no der legg dei ut sine arrangement.

God tur!



- Opero har fokus på FN sine berekraftsmål nr. 7; «Rein energi for alle» og nr. 12; «Ansvarleg forbruk og produksjon»:
- Redusera energiforbruk.
 - Redusera matsvinn.
 - Redusera avfallsmengde, materialgjenvinning og ombruk.

Mars

Me har fokus på fagområdet; «Natur, miljø og teknologi».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1 veke 9	2	3	4	5	6	7
8 veke 10	9 Barnehage – dagen. «Små steg for kloden».	10	11	12	13	14
15 veke 11	16	17	18	19	20	21
22 veke 12	23	24	25 Påskelunsj.	26	27	28
29 veke 13	30	31				

Vennskap og fellesskap.

Kva: Sosial kompetanse.

Korleis:

- Bøker.
- Leikegrupper.
- Eigenstyrt leik.
- Inkluderande fellesskap.

Kva: Førebyggje mobbing.

Korleis:

- Nære vaksne.
- Bøker.
- «Være sammen».
- Leikegrupper.
- Inkluderande fellesskap.

Kva: Konfliktløsning.

Korleis:

- Steg for steg.
- Vaksne som støttar og rettleiar.
- «Være sammen».
- Lære strategiar for å løyse konflikhtar.

Kva: Følelsar.

Korleis:

- Bli kjent med eigne og andre sine følelsar.
- Lære å sette grenser for seg sjølv.
- Lære å respekter andre sine grenser.
- Empati.



April

Me har fokus på fagområdet; «Natur, miljø og teknologi».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 13			1 Skjærtorsdag. Barnehagen er stengt.	2 Langfredag. Barnehagen er stengt.	3	4 1. Påskedag.
5 2. Påskedag. Barnehagen er stengt.	6	7	8	9	10	11
12	13	14	15	16	17	18
19	20	21	22	23	24	25
26	27	28	29	30		

**Fagområdet:
Kropp, rørslе, mat og helse.**

Kva: Positive erfaringar med friluftsliv/uteleik.

Korleis:

- Matlaging på tur.
- Gode klatremoglegheiter.
- Sykkeldag.
- Tur.
- Leirplass i skogen.
- Lære tradisjonelle uteleikar.
- Nyttå T-løyper på fjellturar og elles andre lokale turløyper på tur dagar.
- Leik og ulike aktivitetar på fotballbanen og i ballbingen.

Kva: Grovmotorisk aktivitet inne.

Korleis:

- Gym.
- Dans.
- Hinderløype.
- Song med rørslе.
- Leik med store puter.

Kva: Menneskekroppen.

Korleis:

- Kunnskap om kroppen.
- Verta trygg i eigen kropp.
- Skape positivt sjølvbiletе.
- Kunnskap om grenser for eigen kropp.

Kva: Mat.

Korleis:

- Sunn kvardagskost servert ved måltida.
- Frukt og grønnsaker kvar dag.
- Bevisstgjerung ved samtale.
- Innsikt i «frå dyr til mat».
- Fruktfat/smoothie i bursdags samling.
- Innsikt i «frå jord til bord».

kva: Kroppsmeistring.

Korleis:

- Sjølvstendigheitstrening.
- Varierte fysiske utfordringar.
- Dramaaktivitetar.
- Forming.
- Klatrestativ i barnehagen.
- Samling.

Kva: Finmotorisk aktivitet.

Korleis:

- Spel.
- Formingsaktivitetar.
- Øve på påkledning.
- Smørjelunsj.
- Klippa med saks.
- Øva på blyantgrep.
- Perler, puslespel, klistremerke med meir.



«Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut i frå eigne føresetnadene». Rammeplanen side 49.



«Gjennom arbeid med fagområdet kropp, rørslе, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna vidareutviklar motoriske ferdigheitаr, kropps kontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapane». Rammeplanen side 49.

kvifor: Utvikle grunnleggande motoriske ferdigheitаr, kroppsmeistring, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis ein kan ivareta helse og livskvalitet.

Mai

Me har fokus på fagområdet; «Kropp, rørsle, mat og helse».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 17					1 Offentleg høgtidsdag.	2
3 veke 18	4	5	6	7	8	9
10 veke 19	11	12	13 Kristi himmelfartsdag. Barnehagen er stengt.	14 Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.	15	16
17 veke 20 Grunnlovsdagen. Barnehagen er stengt.	18	19	20	21	22	23 1.pinsedag.
24 veke 21 2. pinsedag. Barnehagen er stengt.	25	26	27	28	29	30
31 veke 22						

**Fagområdet:
Nærmiljø og samfunn.**

Kva: Like moglegheiter.

Korleis:

- Fokus på like moglegheiter for gutar og jenter.
- Tilrettelegging av leikerom med utfordringar.
- Bevisste vaksne.

Kva: Barnas turlag.

Korleis:

- Barnehagen har stand på «Kom deg ut»-dagen ved Ådlandsvatnet.
- Barnegrupper som nyttar T-løyper på turdagar.
- Nytt kart.
- Oppfordra foreldre til å delta på «Kom deg ut dagane».

Kva: Kjennskap til ulike kulturar.

Korleis:

- Aksjonsdag etter FORUT-prosjekt.
- Snakke om høgtider og merkedagar.
- Markere samefolket sin dag.
- Lyfte fram dei ulike nasjonalitetane gjennom song, kunst og kulturtrykk.
- Bruke ressurspersonar i nærmiljøet og i personalet.

Kva: Leirvik sentrum og næringslivet.

Korleis:

- Bruke lokalavisa som kjelde til informasjon om kva som skjer.
- Lucia feiring i sentrum.
- Følgje byggeprossar.
- Besøkja gruveområdet på Litlabø.
- Bli kjent med kunst, kultur og tradisjonar i sentrum.

Kva: Samarbeid med andre instansar.

Korleis:

- Stord Kulturskule.
- Høgskulen på vestlandet.
- Barneskular.
- Ungdom- og vidaregåande-skule.
- Biblioteket.
- Sunnhordland museum.

Kvifor: «Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.»

Rammeplan for barnehagen
2017 side 55.



Juni

Me ha fokus på fagområdet; «Nærmiljø og samfunn».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag	
veke 22	1	2	3	4	5	6	
7	veke 23	8	9	10 Sommarfest.	11	12	13
14	veke 24	15	16	17	18	19	20
21	veke 25	22	23	24	25 Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.	26	27
28	veke 26	29	30				

EIN INKLUDERANDE BARNEHAGE

Barnehagen skal arbeide førebyggjande og kontinuerleg for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna, og forhindre og gripe inn mot krenkingar.

Barnehagane har fått ei aktivitetsplikt som skal sikre at barnehagen handlar raskt og rett når eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde frå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Saka skal undersøkjast, og det skal setjast inn tiltak og utformast ein aktivitetsplan.

For oss i Ås Barnehage er leik viktig. Har ikkje barna nokon å leike med, kan ein føle seg utanfor. Me ynskjer at barna skal bli møtt med tillit og ei kjensel av tilhørslse og fellesskap. Dette handlar om å vera eit verdifullt menneske saman med andre, og vere ein del av flokken. Me har som mål å hindra utanforskap og bidra til læring, utvikling og livsmeistring.

Våre kjernekomponentar er:

Dei vaksne skal:

- Vera fysisk og psykisk til stades.
- Ta ulike roller i leiken saman med barna.
- Observera og gripa inn om me ser at leiken ikkje er god.
- Spreier seg meir i uteleiken.
- Halde orden for å gjera arenaer meir attraktiv og spennande (ute og inne).



Juli

Veke 29 og 30 har barnehagen feriestengt.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 26			1	2	3	4
5 veke 27	6	7	8	9	10	11
12 veke 28	13	14	15	16 Siste barnehagedag før feriestengt.	17	18
19 veke 29 Feriestengt.	20 Feriestengt.	21 Feriestengt.	22 Feriestengt.	23 Feriestengt.	24	25
26 veke 30 Feriestengt.	27 Feriestengt.	28 Feriestengt.	29 Feriestengt.	30 Feriestengt.	31	

Mat i barnehagen.

Me i Ås barnehage er heldig og har eigen kokk som førebur god og sunn mat til oss i kvardagen. Kokken er ikkje ein del av grunnbemanninga, men kjem på toppen av både pedagognorm og bemanningsnorm. Me ser at arbeidet som må gjerast på kjøkkenet tar mykje tid, tid me ynskjer å bruke saman med barna.

Barnehagen har nyleg fått eigen grønsakhage og drivhus, der håpar me at det vil koma mykje godt. Det er planta både bær og frukt, og me har planar om å plante grønsaker til våren.

Dette er noko barna skal ta del i slik det står i rammeplanen:

«Gjennom arbeid med kropp, rørsle mat og helse skal barnehagen bidra til at barna får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid». (Rammeplanen for barnehagen side 50.)



August

Nytt barnehage år startar og me gler oss til å bli kjent med nye vener!
Denne månaden har me fokus på fagområdet; «Etikk, religion og filosofi».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 30						1
2 veke 31 Fyrste dag etter feriestengt.	3	4	5	6	7	8
9 veke 32	10	11	12	13	14	15
16 veke 33 Nytt barnehageår.	17	18	19	20	21	22
23 veke 34	24	25	26	27	28	29
30 veke 35	31					

Fagområdet;

Kunst, kultur og kreativitet.

Kva: Uttrykkja seg estetisk.

Korleis:

- I samling, tilrettelagde aktivitetar og leik.
- Tilgang til rom, materiale og utstyr.
- Fantasi, kreativ tenking og skaparglede.
- Bruka ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi.
- Gjennom musikk, dans og drama.

Kva: Kulturtradisjonar.

Korleis:

- Markere enkelte merkedagar på primstaven.
- Bli kjend med forteljar-, song- og musikktradisjon.
- Møte uttryksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design.

Kvifor: «Oppleringar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhørse, deltaking og eige skapande arbeid. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Rammepleanen for barnehagen side 50-51.

Kva: Gje barna erfaringar med ulike kunstuttrykk.

Korleis:

- Bevisstgjera dei på kunst i nærmiljø.
- Gå på teater, utstillingar, konsertar når det er tilgjengeleg.
- Besøkje skulpturar i nærmiljøet.

Kva: Kulturidentitet.

Korleis:

- "Familien min" bilete heime frå for dei yngste.
- Samarbeid med Sunnhordland museum.
- Bli kjent med kulturuttrykk frå ulike land og kulturar.

Kva: Tilrettelegging av fysisk miljø.

Korleis:

- Leikerom som stimulerer til kreativ aktivitet.
- Tilgang til ulike materiale og uttryksformer.



Musikk er viktig i barnehagen. Mange små barn, særlig dei med fleispråkleg bakgrunn, har utfordringar i samtalar. Song og musikkaktiviteter kan gjere barna tryggare på språk. Songen får dei til å ta i bruk ord og omgrep som dei elles ikkje har i sitt vokabular. Musikk skapar også sosialt fellesskap i barnehagen.

Nettside: <http://vetuva.udir.no/>

September

29. september vert det foreldremøte i barnehagen.

Me har fokus på fagområdet; «Kunst, kultur og kreativitet».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 35		1	2	3	4	5 Barnas turlag arrangerer «Kom deg ut dag».
6 veke 36	7	8	9	10	11	12
13 veke 37	14	15	16	17	18	19
20 veke 38 Brannvernveka.	21	22	23	24	25	26
27 veke 39	28 Foreldremøte i barnehagen kl. 18.00.	29	30			

Med Forut barneaksjon blir barnehagen kjent med barn frå ein annan kultur.

Me får sjå korleis dei bur, kva dei et og korleis dei har det.

Fokuset er på det positive i deira kvardag. Barna får sjå film og høyre musikk, som følger med det pedagogiske opplegget frå Forut.

Prosjektet endar opp i ein open dag for foreldre og besteforeldre, der pengane me samlar inn går til organisasjonen.

Forut dagen blir 21.10.2021.

Aktivitetane barna får vera med på er tilpassa alder og modning.

Les gjerne meir på forut.no



Oktober

Me har fokus på fagområdet "Kunst, kultur og kreativitet".

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 39				1	2	3
4 veke 40	5	6	7	8	9	10
11 veke 41	12	13	14 Første vinterdag.	15	16	17
18 veke 42	19	20	21 FORUT- aksjon.	22	23	24 FN-dagen.
25 veke 43	26	27	28	29	30	31

**Fagområdet;
Mengd, rom og form.**

Kva: Form og konstruksjon.

Korleis:

- Følgje byggeprosessar i nærmiljøet.
- Lage byggverk/modellar i ulikt materiale.
- Bygningar og former før og no.
- Synlege tal og former.
- Delta i peparkakebyen.
- Puttekasse og ringpyramide.
- Formingsaktivitetar med geometri.

Kva: Sortere, rydde, klassifisere.

Korleis:

- Rydde leiker.
- I daglege rutinar.
- I naturen/på tur.
- Spel.

Kva: Spel.

Korleis:

- Puslespel.
- Spel med form og mønster.
- Terning/telja.

Kva: Gjera erfaring med måling, veking, berekna.

Korleis:

- Bake/lage mat.
- Følgje oppskrifter.
- Bruke eigna målereiskapar.
- Metodiske opplegg.

Kva: IKT.

Korleis:

- Leik med tal på Ipad/PC.
- Utforske former og mønster på datamaskinen/ pedagogiske spel på Ipad.
- Finna informasjon på internett.

Kvifor: «Barnehagen skal synleggjere samanheng og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv å vere kreative og skapande.»

Rammeplanen for barnehage 2017 side 53.



November

Me har fokus på fagområdet "Mengd, rom og form".

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1 veke 44	2	3	4	5	6	7
8 veke 45	9	10	11 Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.	12 Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.	13	14
15 veke 46	16	17	18	19	20	21
22 veke 47	23 Mot til å glede dagen.	24	25	26	27	28
29 veke 48	30	31				

**Fagområdet:
Etikk, religion
og filosofi.**

Kva: Filosofi.

Korleis:

- Undring rundt ulike problemstillingar og opplevingar.
- Samtalar.
- Forteljningar.

kva: Bli kjent med høgtider i andre religionar og kulturar representert på gruppa.

Korleis:

- Samtale.
- Lese historia.
- Lære songar.
- Lage mat.
- Flagg.

Kva: Respekt for ulikhetar.

Korleis:

- Samtale.
- Drama.
- Vaksne rollemodellar.
- Stille opne spørsmål.

Kva: Øve på sosial samhandling i eit fellesskap.

Korleis:

- «Være sammen».
- I leik.
- I kvardagssituasjonar, samling og tilrettelagde aktivitetar.
- Vaksne som førebilete.
- Metodisk opplegg.
- Fokus på førebygging av mobbing.

Kva: Bli kjent med høgtider i vår tradisjon.

Korleis:

- Kyrkjevandring.
- Juleevangeliet.
- Påskebodskapen.
- Song og musikk.
- Tradisjonar kring høgtidene før og no.

Kvifor: «Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfatar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.» Rammeplan for barnehagen 2017 side 54.



Julemagi

Nissefest

Julebakst

Julemusikk

Luciatog



Desember

Me har fokus på fagområdet "Etikk, religion og filosofi".

Advent er ei ventetid, og me ser at dette ofte er ei travel tid for både barn og vaksne.

Me i barnehagen vil roa ned og kosa oss med å førebu jula,

og kjenna på spenninga og forventningane som ligg i denne adventstida.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 48		1	2	3	4	5
6 veke 49	7 Nissefest.	8	9	10	11	12
13 veke 50 Luciadagen. 4-åringane går Lucia for dei andre i barnehagen.	14	15	16	17	18	19
20 veke 51	21	22	23	24 Julafta. Barnehagen er stengt.	25 1.juledag.	26 2.juledag.
27 veke 52	28	29	30	31 Nyttårsafta. Barnehagen stenger kl.12:30.		